



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
10.09.2018
Dykkar dato
29.06.2018

Vår referanse
2018/7558 331.2
Dykkar referanse
18/41

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Ordinært skjønstilskot for 2019

Generelt

Fylkesmannen har motteke brev av 29.juni d.å. frå departementet om ordinært skjønstilskot for 2019.

Skjønnsramma for nytt fylke, Vestland, er for 2019 kr 168,3 mill. Vi har fordelt ramma for 2019 mellom kommunane samla i Hordaland og kommunane samla i Sogn og Fjordane etter same prosentvise fordeling som i 2018, det vil seie 68,7 prosent til hordalandskommunane samla og 31,3 prosent til kommunane samla i Sogn og Fjordane. Det utgjer av ny ramme kr 115,6 mill. for Hordaland (kr 168,3 mill. * 0,687) og kr 52,7 mill. for Sogn og Fjordane (kr 168,3 mill. * 0,313).

Av samla ramme til fordeling mellom kommunane i Hordaland, kr 115,6 mill., blir kr 88,0 mill. fordelt no ordinært mellom kommunane. Det vil seie at det er ei attståande ramme med kr 27,6 mill. Attståande ramme blir for 2019 sett av til fordeling i budsjettåret, blant anna til prosjektskjøn og til reserve for det som kan oppstå uføresett.

Den attståande ramma for Hordaland blir redusert frå 2018 (kr 31,0 mill.) til 2019 (kr 27,6 mill.). Reduksjonen i attståande ramme for Hordaland blir gjort for at praksis med omsyn til fordeling av skjønstilskot skal vere meir lik mellom Hordaland og Sogn og Fjordane.

Skjønnsramma for nytt fylke er redusert med kr 10,0 mill. samla frå 2018 (kr 122,5 mill. + kr 55,8 mill.) til 2019 (kr 168,3 mill.).

I brevet frå departementet og retningslinene for skjønsmidlane for 2019 er det presisert at fylkesmannen skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomi. Det er vist til at skjønsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

Departementet har framheva at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsramma skal også ivareta behov som kan oppstå i løpet av året.

Arbeidsgivaravgift (DAA)

Departementet viser i brevet til at nokre kommunar framleis mottok den tidlegare kompensasjonen for endringar i differensiert arbeidsgivaravgift, som vart lagt inn i basisramma i 2015. Departementet presiserer at attståande kompensasjon framleis bør bli gradvis trappa ned, men at fylkesmannen kvart år må gjere ei ny vurdering av behovet for skjønsmidlar.

I 2014, før nedtrappinga byrja, vart det gitt følgjande kompensasjon, i mill. kr :

Etne	3,6 mill
Bømlo	9,5 mill
Tysnes	3,6 mill
Kvinnherad	14,3 mill
Jondal	1,6 mill
Kvam	9,4 mill
Sum	42,0 mill

Kommunevis fordeling

Vi har følgjande merknader for kvar kommune:

Bergen

tilskot 2018, kr 16,2 mill.

Dei store byane har opphoping av levekårsutfordringar, blant anna knytte til rus og psykiatri. Utgiftene til sosialhjelp er høge. Kommunen viser til at inntektssystemet ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp at desse utgiftene er høgare for ein storby som Bergen enn for gjennomsnittet av kommunane.

Kommunen arbeider målretta med å betre oppvekstvilkåra for barn og unge og styrka det kulturelle og sosiale miljøet i område av byen som har opphoping av levekårsproblem.

Kommunen har blant anna etablert nye mottaks- og oppfølgingsentre (MO - sentre) som ein del av rustiltaka.

Kommunen viser til at kostnadsutviklinga innanfor både barnevernstenesta, psykiatri og ressurskrevjande omsorgstenester er større enn det som kan knytast til den demografiske utviklinga.

Som regionsenter gir kommunen tilbod også til innbyggjarar utanfor kommunegrensa, til dømes innanfor brannberedskap og kultur. Kommunen har også nasjonale oppgåver som sikring av kulturminne.

I 2017 fekk 25 av kommunane i fylket utbetaling frå Havbruksfondet. Bergen kommune fekk ikkje utbetaling.

tilskot 2019, kr 16,5 mill.

Etne

tilskot 2018, kr 3,5 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjonen for høgare avgift er blitt trappa ned i perioden 2015 - 2018. Kompensasjon for høgare avgift blir også trappa noko ned for 2019.

Kommunen har i dei siste åra teke imot flyktningar og har etablert tenestetilbod til denne gruppa. Eit endra arbeidsmarknad gjer det meir krevjande å få flyktningar ut i arbeid. Det har vore ei betydeleg auke i sosialhjelpa til flyktningar i den siste tida.

Kommunen gjennomfører store investeringar. Hausten 2018 vil det nye omsorgssenteret stå klart. Det fører til ein stor auke i lånegjelda, sjølv om tilskot frå Husbanken finansierer ein stor del av investeringa.

Kommunen har utfordringar med trafikksikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane langs E134 i Åkrafjorden gir ekstra utgifter til brannberedskap.

Kommunen viser til at planprosessane er særleg krevjande. I kommunen er det både dyrka jord, verna vassdrag og mange kulturminne.

Kommunen har utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2015.

Samla skjønstilskot blir ikkje redusert, sjølv om den delen som er knytt til arbeidsgivaravgift blir noko redusert.

tilskot 2019, kr 3,5 mill.

Sveio

tilskot 2018, kr 3,6 mill.

Kommunen har stor folkevekst. Veksten er stor i talet på barn i skulepliktig alder. Det vart på denne bakgrunn blant anna vedteke å bygga ut og rehabilitera Sveio skule for om lag kr 100 mill. i perioden 2017 - 2019.

Det er om lag 2000 hytter i kommunen. Det aukar behovet for ulike kommunale tenester i periodar av året.

Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Den undersjøiske tunnelen til Stord er krevjande med omsyn til beredskap.

Kommunen har mange vegar som er vurderte som trafikkarlege. Det fører også til store utgifter til skyss av skuleborn. Ein stor del av vegane er ikkje kommunale.

Kommunen har i dei siste åra teke imot mange flyktningar for busetjing og familiegjenforeining. Ein vanskeleg arbeidsmarknad har gjort at sosialhjelpskostnadene har auka mykje i dei siste par åra. Arbeidsmarknaden er særleg vanskeleg for flyktningar som utgjør om lag halvdelen av sosialhjelpsmottakarane.

Kommunen innførte eigedomsskatt på faste eigedomar frå og med 2011.

tilskot 2019, kr 3,6 mill.

Bømlo

tilskot 2018, kr 8,8 mill.

Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling i den siste tida. Det skuldast både bortfall av ekstraordinært skjønstilskot (2011 - 2016) i 2017 og omlegginga av inntektssystemet i 2017. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR er redusert vesentleg i 2018.

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har relativt mange ressurskrevjande brukarar busette i kommunen. Kommunen viser til høge kostnader knytte til ressurskrevjande brukarar, også etter at det er gitt kompensasjon gjennom tilskotsordninga. Kommunen har fått ein sterk auke i desse kostnadene i den siste tida.

Kommunen er ein av kommunane i fylket som vil få den største utbetalinga frå Havbruksfondet i år.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt årleg kompensasjon gjennom skjønstilskot for dette. Kompensasjonen er trappa delvis ned i perioden 2015 - 2018. Vi legg opp til ytterlegare nedtrapping i 2019.

tilskot 2019, kr 7,9 mill.

Stord

tilskot 2018, kr 2,2 mill.

Kommunen er eit regionsenter. Kommunen har mange gjestearbeidarar og studentar. Det er også relativt mange personar med særlege sosiale utfordringar, som kjem til kommunen.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorg. Ein stor del av utgiftene i sosialtenesta er til personar med rusproblem.

Kommunen har eit stort etterslep på vedlikehald og står framfor store investeringar. Det blir investert i to nye ungdomsskular, idrettshall og nye sjukeheimsplassar.

Kommunen har innført eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

Kompensasjon for å ha blitt ufrivillig åleine etter kommunereforma er gitt til kommunen i 2017 og 2018. Denne er planlagt halvert i 2019 og tatt heilt bort i 2020.

tilskot 2019, kr 2,3 mill.

Fitjar

tilskot 2018, kr 3,0 mill.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Kommunen viser til at brukarane i kommunen har høgare kostnader enn gjennomsnittet for ressurskrevjande brukarar.

Kommunen viser til at det er fleire rusavhengige i LAR enn i andre samanliknbare kommunar. Det er utfordrande for kommunen, både fagleg og økonomisk.

Kommunen tapte på omlegginga av inntektssystemet i 2017. Låg strukturverdi gjer at basis-tilskotet vart redusert mykje. Dessutan vart småkommunetillegget halvert som følge av høg distriktsindeks.

Kostnadene til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i dei siste to åra. Auken i kostnadene skuldast delvis at kommunen har teke imot flyktningar som no har vanskeleg for å kome inn på arbeidsmarknaden.

Kommunen har tidlegare utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen. Kommunen har i dei siste åra fått auka eigedomsskatt som følge av utbygging av vindmøller. Eigedomsskatt i 2017 var om lag kr 14,7 mill.

Kommunen vil i år få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet.

Det er pårekna at kommunen per 01.01.2019 vil få over 3200 innbyggjarar. Dersom innbyggjartalet faktisk blir over 3200 per 01.01.2019, vil småkommunetillegget falle bort i 2020. Småkommunetillegget er i 2018 knapt kr 2,8 mill. (halvdelen av fullt tilskot) og blir vidareført i 2019.

tilskot 2019, kr 3,1 mill.

Tysnes

tilskot 2018, kr 3,7 mill.

Kommunen vart for 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift frå og med 2004. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015, som følge av reduksjonen i avgift frå og med andre halvår 2014. Dette trekket blir trappa ned med 1/5 årleg, det vil seie med om lag kr 1,0 mill. årleg.

På denne bakgrunn reduserer vi gradvis den kompensasjonen som er knytt til arbeidsgivaravgifta.

Kommunen får småkommunetillegg. Det er blitt gradvis redusert etter 2016 som følge av omlegginga (gradering) og høgare distriktsindeks. Førebelse tal tyder på at småkommunetillegget i 2019 vil vere halvert samanlikna med fullt tilskot, som følge av høgare distriktsindeks.

Det er mange fritidsbustader i kommunen. Det fører til auka behov for helsetenester, brannberedskap og utbygging av infrastruktur.

Kommunen vil i år få ei stor utbetaling frå Havbruksfondet.

tilskot 2019, kr 3,3 mill.

Kvinnherad

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har no også eigedomsskatt på bustader og hytter. Samla eigedomsskatt i 2017 var kr 73 ½ mill.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå andre halvår 2014. Det er difor gjort trekk på rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015. Trekket blir redusert med 1/5 - del i årleg nedtrapping.

Kommunen vil i år få ei stor utbetaling frå Havbruksfondet.

På bakgrunn av den høge årlege eigedomsskatten frå kraftanlegg, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot til kommunen.

Jondal

tilskot 2018, kr 1,5 mill.

Folgefonna er eit populært reisemål. Kommunen har hatt høge vedlikehalds- og investeringsutgifter på vegen som fører opp til skisenteret ved Folgefonna.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014, slik av avgifta for kommunen vart redusert frå dette tidspunktet. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015. Dette trekket blir trappa ned med 1/5 årleg, det vil seie med om lag kr 0,4 mill. årleg.

På denne bakgrunn reduserer vi gradvis den kompensasjonen som er knytt til arbeidsgivaravgift.

Kommunen vil i år få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet.

Kommunen vil få fullt småkommunetillegg også i 2019, som følge av låg distriktsindeks.

tilskot 2019, kr 1,3 mill.

Odda

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har ikkje eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar. Eigedomsskatt i 2017 var kr 71,7 mill. Det ordinære skatteinivået er også høgt, som følge av naturressursskatt.

Vi finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2019.

Ullensvang

tilskot 2018, kr 2,9 mill.

Det har i dei siste 25 åra vore ein jamn nedgang i folketalet. I dei aller siste åra har folketalet vore stabilt.

Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling, blant anna som følgje av lågare kraftprisar. Kommunen har gjennomført fleire tiltak med sikte på å styrka økonomien, både gjennom innsparing i skulestrukturen og gjennom utviding av eigedomsskatt frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunen har ei spesiell utfordring med radon. Det er gjennomført eit prosjekt for å redusera helserisiko. Kommunen har framleis ei utfordring med radon og må følgja det opp.

Kommunen bygde tidleg nye sjukeheimar og omsorgsbustader. Desse sjukeheimane har no behov for ombygging. Det er starta planlegging med sikte på bygging / opprusting av sjukeheimar. Den kommunale heimehjelpa og legetenesta er krevjande som følgje av dei geografiske tilhøva (kommunen er delt av ein fjord).

Det kommunale asylmottaket vart lagt ned frå november 2017, etter å ha vore i drift i 28 år. Kommunen har difor mista det årlege vertskommunetilskotet på i underkant av kr 1,6 mill.

tilskot 2019, kr 2,8 mill.

Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og høg naturressursskatt.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2019.

Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Ordinært skattenivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt.

Kommunen vil få fullt småkommunetillegg også i 2019, som følgje av låg distriktsindeks.

Kommunen har no ekstraordinære kostnader innan tenesteområda skule og helse/omsorg. Kommunen har blant anna store vikarkostnader for å sikra forsvarleg legedekning etter tap av to fastlegestillingar.

Fylkesmannen vil normalt ikkje gi skjønstilskot til kommunen som følgje av eit relativt godt inntektsnivå, sjølv om både eigedomsskatt og naturressursskatt er blitt redusert i den siste tida. Det blir difor ikkje gitt tilskot i den ordinære fordelinga.

Ekstraordinært skjønstilskot for 2018, på bakgrunn av nemnde ekstraordinære kostnader, blir vurdert særskilt i samband med fordelinga av attståande skjønnsramme for 2018.

Granvin

tilskot 2018, kr 1,7 mill.

Kommunen skal slå seg saman med Voss kommune frå 01.01.2020. Kommunen viser til særskilte utfordringar i denne samanheng for ein liten kommune, både med omsyn til deltaking i prosjektarbeid og førebuing av framtidige innsparingar.

Kommunen viser til auka utgifter i 2018 og 2019 knytt til barnevern og ekstra ressursar til spesialpedagogisk støtte i skule og barnehage.

Kommunen har mykje kommunal veg per innbyggjar. Dei kommunale vegane er viktige for å oppretthalde busetnaden i grendene. Kommunen har i dei siste åra investert mykje i vegane. Behovet for vedlikehald er likevel stort, særleg på bakgrunn av auka nedbør, flaum og ras. Kommunen har berre ressursar til delvis å dekkja behovet for vedlikehald.

Kommunen viser til høge driftsutgifter for ein liten kommune som er avhengig av å delta i interkommunalt samarbeid, blant anna knytt til brann og redning. Kommunen vil også ha desse utgiftene i 2019.

Kommunen vil også i 2019 få fullt småkommunetillegg, som følgje av låg distriktsindeks.

tilskot 2019, kr 1,6 mill.

Voss

tilskot 2018, kr 5,3 mill.

Kommunen har ein høg prosentdel med eldre innbyggjarar. Prosentdelen innbyggjarar frå 80 år og eldre er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnittet. Mange ressurskrevjande brukarar i kommunen er eldre enn 67 år, slik at dei ikkje blir omfatta av tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester.

Kommunen har mange gjesteelevar ved dei vidaregåande skulane og talet på elevar som kjem frå andre kommunar er aukande. Det fører til eit auka behov for kommunale tenester. Mange fritidsbustader i kommunen er også med på å auka etterspurnaden etter kommunale tenester.

Kommunen viser til at det er ein krevjande prosess å tilpassa seg til reduksjonen i integreringstilskotet for dei næraste åra, som følgje av reduksjon i talet på flyktningar.

Det er innført eigedomsskatt for faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskatten er tidlegare utvida frå verk og bruk (7,0 promille) til også bustader og fritidseigedomar (3,0 promille).

tilskot 2019, kr 5,2 mill.

Kvam

tilskot 2018, kr 7,9 mill.

Kommunen har eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. For bustader og fritidseigedomar er skattesatsen 4,0 promille, for verk og bruk 7,0 promille.

Kommunen har gjort store investeringar, mellom anna i ny struktur innanfor skule- og barnehagesektoren, og har eit høgt gjeldsnivå. Det er i dei siste åra gjort struktur- og innsparings-tiltak for å betra økonomien.

Kommunen har i år fått kr 1,3 mill. i kompensasjon for å vere «ufrivillig åleine» i kommunereforma, som delvis kompenserer tap etter omlegginga av inntektssystemet i 2017. Kompensasjonen er planlagt halvert for 2019.

Kommunen har økonomiske utfordringar knytte til at det i kommunen er mange eldre og at det er auke i talet på ressurskrevjande brukarar. Kommunen er tidlegare vertskommune og har mange ressurskrevjande brukarar.

Kommunen har mange fritidsbustader og er eit regionsenter for vidaregåande skular. Det medfører auka behov for kommunale tenester.

Kommunen vil i år få ei stor utbetaling frå Havbruksfondet.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen har fått ein årleg kompensasjon, som del av skjønstilskotet, knytt til arbeidsgivaravgifta. Kompensasjonen er trappa delvis ned i perioden 2015 - 2018. Denne kompensasjonen blir trappa ytterlegare ned i 2019, jf. departementet sitt brev.

tilskot 2019, kr 7,0 mill.

Fusa

tilskot 2018, kr 4,9 mill.

Kommunen har innført eigedomsskatt på alle eigedomar - på verk og bruk frå 1989 og på andre eigedomar frå 2009.

Kommunen har i stor grad spreidd busetnad med mange mindre grender. Kommunen har mykje kommunal veg. Standarden på dei kommunale vegane er dårleg og det er behov for opprusting. Det er også behov for vedlikehald og oppgradering av den kommunale bygningsmassen.

Kommunestyret vedtok i desember 2015 å redusera talet på kommunale barneskular frå seks til fire frå hausten 2016. Frå før var det ein privatskule i kommunen. Hausten 2016 vart det starta opp to nye privatskular i dei bygdene der det ikkje lenger var kommunal skule. Frå i år er det fullt økonomisk inntektstap av å ha tre private skular, gjennom trekkordninga i inntektssystemet.

Kommunen viser til utfordringar knytte til busetjing av flyktningar, blant anna i samband med å få flyktningar ut i arbeid etter gjennomført introduksjonsprogram.

Kommunen vil i år få ei stor utbetaling frå Havbruksfondet.

tilskot 2019, kr 4,8 mill.

Samnanger

tilskot 2018, kr 2,4 mill.

Kommunen tapte på omlegginga til nytt inntektssystem frå 2017. Småkommunetillegget vart halvert frå 2017 som følgje av høg distriktsindeks.

Kommunen utvida eigedomsskatten i 2015 frå verk og bruk til også hus og fritidsbustader.

Kommunen har gjennomført fleire investeringar i dei siste åra og kommunen har no fått ei høg lånegjeld. Gjeldsauken er særleg knytt til finansieringa av ny sjukeheim.

Kommunen vil få lågare årleg eigedomsskatt, blant anna som følgje av endra fordelingsnøkkel med nabokommune.

tilskot 2019, kr 2,3 mill.

Os

tilskot 2018, kr 1,1 mill.

Kommunen har over lang tid hatt høg folkevekst. Det har medført eit stort utbyggingsbehov av kommunal infrastruktur. Kommunen har no eit høgt gjeldsnivå.

Kommunen har som tilflyttarkommune meirutgifter til språkdelling i skulen.

Kommunen har vore med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenestene. Prosjektet blir avslutta i mai 2019. Kommunen viser til at det for kommuneøkonomien vil bli krevjande å ta omsorgssektoren tilbake til det ordinære driftsbudsjettet.

Kommunen har mange fritidsbustader. Det bidreg til auka behov for kommunale tenester, særleg om sommaren når fritidsbustadene er mykje i bruk.

Kommunen får eit høgt veksttilskot både i 2018 og 2019.

Kommunen har ikkje noko eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller på bustader og fritids-eigedomar.

tilskot 2019, kr 1,1 mill.

Austevoll

tilskot 2018, kr 1,6 mill.

Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå. Det er knytt til høgt gjennomsnittleg nivå på inntekt og formue for innbyggjarane. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Lånegjelda kjem til å auka ytterlegare som følgje av planlagde investeringar.

Kommunen har mange fritidsbustader. Det aukar behovet for kommunale tenester, til dømes innan heimesjukepleie og brannberedskap.

Kommunen kjem i år til å få ei stor utbetaling frå Havbruksfondet.

Frå og med 2013 er eigedomsskatt på bustader, fritidseigedomar og næringseigedom teken bort. Eigedomsskatt er berre vidareført for verk og bruk. Eigedomsskatten aukar noko frå 2017 til 2018 som følge av at havbruk er teke med i grunnlaget for verk og bruk.

tilskot 2019, kr 1,4 mill.

Sund

tilskot 2018, kr 1,6 mill.

Kommunen har tidlegare hatt høg vekst i folketalet. Veksten er no stagnert. Det har i første halvår i år ikkje vore vekst i folketalet. Utflatinga av folketalsveksten har blant anna ført til ein stor nedgang i veksttilskotet, frå om lag kr 3,6 mill. i 2017 til påreknade kr 0,9 mill. i 2019.

Asylmottaket i kommunen vart lagt ned frå 31. juli 2017. Kommunen har difor tapt vertskommunetilskot med om lag kr 2,0 mill., i heilårsverknad frå og med 2018. Kommunen har arbeidd med å finna løysingar både med omsyn til dei tilsette ved mottaket og med omsyn til tenestene.

Eit lakseslakteri i kommunen har gått konkurs. Det har i år ført til arbeidsløyse og auka sosialhjelpsutgifter.

Kommunen vil i år få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet.

tilskot 2019, kr. 1,5 mill.

Fjell

tilskot 2018, kr 1,7 mill.

Kommunen har over lang tid hatt stor folketalsvekst og har framleis ei ung befolknings-samansetjing. I dei eldre aldersgruppene, særleg for aldersgruppa 80 år og eldre, er det langt færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Over tid vil kommunen få stor vekst i denne aldersgruppa.

Veksten i folketalet har vore litt lågare i dei aller siste åra. Veksttilskotet er difor blitt redusert, frå om lag kr 13,0 mill. i 2016 til påreknade tilskot kr 5,0 mill. i 2019.

Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for borna i skulen. Det fører til auka kostnader til språkdeling.

Eigedomsskatt for 2018 er vedteke med to promille av skattetakst på verk og bruk og anna næringseigedom. Det er ikkje gjort vedtak om å innføre eigedomsskatt på andre eigedomar i kommunen.

Økonomirapport for kommunen for første tertial i år syner at det vil bli svært krevjande å nå budsjettbalanse i 2018 for den ordinære drifta.

Kommunen vil i år få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet.

tilskot 2019, kr 1,6 mill.

Askøy

tilskot 2018, kr 1,9 mill.

Kommunen har hatt høg folketalsvekst i mange år og har ei ung befolkningsamansetjing. I dei eldre aldersgruppene har kommunen færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet.

Veksttilskotet til kommunen er redusert, frå kr 8,7 mill. i 2016 til påreknna tilskot kr 0,5 mill. i 2019.

Det er gjennomført store investeringar og kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel om at veksten i lånegjeld skal vere avgrensa til ein årleg auke på maksimalt ni prosent. Handlingsregelen er viktig for å dempa veksten i gjelda over tid.

Kommunen innførte eigedomsskatt for verk og bruk i heile kommunen frå og med 2016. Kommunen har etter dette utvida eigedomsskatten til faste eigedomar i heile kommunen, med to promille av skattetakst.

tilskot 2019, kr 1,8 mill.

Vaksdal

tilskot 2018, kr 0,9 mill.

Kommunen arbeider aktivt med å leggja til rette for bustadbygging. Det er nødvendig å bidra med omfattande investeringar i infrastruktur for å få realisert utbyggingsprosjekt.

Tekstilindustri og trikotasje var tidlegare viktig med omsyn til arbeidsplassar i kommunen. Sysselsetjinga i kommunen har vorte vesentleg redusert i dei siste åra. Talet på arbeidsplassar har vorte kraftig redusert sidan tusenårsskiftet.

Topografien i kommunen gjer det særskilt krevjande å leggje til rette for bustader og næringsverksemd. Rasfare krev ekstra ressursar til forebyggande tiltak. Den mykje trafikkerte E16 gjennom kommunen krev auka beredskap på grunn av rasfare.

Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg.

tilskot 2019, kr 0,9 mill.

Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2019.

Osterøy

tilskot 2018, kr 4,2 mill.

Kommunen har ein desentralisert busetnad med høge kostnader til mellom anna heimetenester og skuleskyss. Kommunen har relativt mykje kommunal veg i høve til innbyggjartalet. Det er etterslep innan vegvedlikehald. Vegvedlikehald har vorte nedprioritert over tid.

Innan helse- og omsorgssektoren har kommunen utfordringar med mange tunge brukarar. Det har vore auke i tiltak for yngre brukarar av helse- og omsorgstenester i dei siste åra.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen allereie frå og med 2007. I 2017 auka eigedomsskatteinntektene relativt mykje som følgje av ny taksering av skatteobjekta.

Kommunen vil i år få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet.

tilskot 2019, kr 4,0 mill.

Meland

tilskot 2018, kr 3,9 mill.

Kommunen hadde i mange år høg folketalsvekst. Etter 2016 har det vore låg folkevekst. Kommunen har framleis utfordringar med å tilpassa tenestene etter den høge folkeveksten som var i tidlegare år. Veksttilskotet er i stor grad redusert etter 2016.

Kommunen har framleis ei ung befolkningsamansetjing. Det har no vore ein stor vekst i aldersgruppa over 67 år. Det har gitt utfordringar med å auka tenestebehovet innan pleie- og omsorgssektoren. Kapasiteten ved sjukeheimen er auka i 2017.

Kommunen har mange ekstraklassar innan skulesektoren som følgje av språkdeling. Mange av elevane i skulen ynskjer bokmål.

Det har vore ein sterk auke i rusrelaterte problem. Det har blant anna samanheng med den generelle folkeveksten som har vore i kommunen.

Kommunen har innført eigedomsskatt generelt, også på bustader.

tilskot 2019, kr 3,8 mill.

Øygarden

Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri. Kommunen hadde eigedomsskatt i 2017 med kr 154,9 mill.

Det kan påreknast ei stor utbetaling frå Havbruksfondet til kommunen i år.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2019.

Radøy

tilskot 2018, kr 3,6 mill.

Kommunen er ein av kommunane i fylket med det lågaste skattenivået, 78,6 prosent av landsgjennomsnittet i 2017.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Talet på registrerte PU - brukarar i kommunen er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnittet.

Kommunen har vist til at stønad til livsopphald har auka mykje i dei siste åra. Det har blant anna samanheng med at det er registrert fleire storfamiliar utan løsinntekt, fleire personar med rusproblem og at fleire av brukarane har born.

Det er høgt sjukefråvær i kommunen, både i offentleg og privat sektor. Det er sett i gang fleire tiltak for å få ned sjukefråværet.

Kommunen har eigedomsskatt generelt, også på bustader.

Det må påreknast ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet til kommunen i år.

tilskot 2019, kr 3,5 mill.

Lindås

Kommunen har fått veksttilskotet vesentleg redusert frå 2017 til 2018. Det er ikkje påreknast veksttilskot for 2019.

Equinor sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad i kommunen og gir høge eigedomsskattinntekter. Eigedomsskatten til kommunen i 2017 var kr 166,0 mill.

På bakgrunn av den høge eigedomsskatten frå Mongstad anlegget, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2019.

Austrheim

tilskot 2018, kr 2,0 mill.

Kommunen har frå og med 2017 utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til også annan nærings eigedom. Det er ikkje gjort vedtak om utviding av eigedomsskatt til bustader og fritidseigedomar.

Kommunen har hatt eit godt inntektsgrunnlag, både som følgje av høg personskatt og eigedomsskatt frå ein del av Mongstad - anlegget. Kommunen har hatt ei svak skatteutvikling både i 2017 og i år. Det ordinære skattenivået i kommunen er blitt vesentleg redusert, samanlikna med landsgjennomsnittet.

Kommunen har hatt høg arbeidsløyse i dei siste par åra. Kommunen har vore særleg hardt ramma av den vanskelege situasjonen som var i oljenæringa.

Kommunen fekk ikkje småkommunetilskot i perioden 2014 - 2016 som følgje av høgt skattenivå. Kommunen har fått småkommunetilskot tilbake frå og med 2017 som følgje av den nemnde reduksjonen i skattenivå. Kommunen får no 50 prosent trekk av fullt småkommunetilskot som følgje av høg distriktsindeks, det vil seie halvert småkommunetilskot.

Kommunen viser til at det er store utgifter til ressurskrevjande og minoritetsspråklege elevar i skulane, også ressurskrevjande barn i barnehagane. Stønad til livsopphald er auka mykje frå 2014 som følgje av høg arbeidsløyse og fordi det har vore vanskeleg å få flyktningar i arbeid.

Kommunen vil få utbetaling frå Havbruksfondet i år, men vesentleg mindre enn fleire andre kommunar i fylket.

Restunderskotet frå 2015 vart ikkje dekt inn i rekneskapen for 2017. Kommunen er difor no registrert i registeret for godkjenning og kontroll.

Fylkesmannen vil i denne ordinære fordelinga vidareføra skjønstilskot i 2019 med same beløp som i den ordinære fordelinga for 2018 (kr 2,0 mill.). Eit eventuelt ekstra tilskot for 2019 vil bli vurdert nærare hausten 2019, i samband med restfordelinga av skjønssramma for 2019, i lys av den faktiske gjennomføringa av planlagde innsparingstiltak og dei faktiske økonomiske resultatane som blir oppnådd.

tilskot 2019, kr 2,0 mill.

Fedje

tilskot 2018, kr 1,4 mill.

Kommunen hadde over lang tid ei negativ utvikling i folketalet. I dei siste åra har folketalet vore stabilt. Kommunen har over lang tid tilrettelagt for busetjing og næringsverksemd.

Kommunen har hatt eldre bygningsmasse med behov for fornying.

Kommunen har fått fullt småkommunetillegg, også etter omlegginga i 2017, som følgje av låg distriktsindeks. Fullt småkommunetillegg kan påreknast også for 2019.

tilskot 2019, kr 1,2 mill.

Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Eigedomsskatten er noko redusert i dei siste par åra.

Kommunen får småkommunetillegg. Tilskotet er blitt redusert som følgje av graderinga basert på distriktsindeks frå og med 2017. Det må påreknast at småkommunetillegget vil bli halvert i 2019, samanlikna med fullt tilskot, som følgje av høgare distriktsindeks.

Kommunen vil få ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet i år.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2019 til kommunen.

Fylkesmannen har ikkje merknader utover dette.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

ÅR :		2019			
i kr. 1,000,-		tilskot	tilskot	endring i	
		2018	2019	kr.	
KOMMUNANE					
1201	Bergen	16200	16500	300	
1211	Etne	3500	3500	0	
1216	Sveio	3600	3600	0	
1219	Bømlo	8800	7900	-900	
1221	Stord	2200	2300	100	
1222	Fitjar	3000	3100	100	
1223	Tysnes	3700	3300	-400	
1224	Kvinnherad	0	0	0	
1227	Jondal	1500	1300	-200	
1228	Odda	0	0	0	
1231	Ullensvang	2900	2800	-100	
1232	Eidfjord	0	0	0	
1233	Ulvik	0	0	0	

1234 Granvin		1700	1600	-100
1235 Voss		5300	5200	-100
1238 Kvam		7900	7000	-900
1241 Fusa		4900	4800	-100
1242 Samnanger		2400	2300	-100
1243 Os		1100	1100	0
1244 Austevoll		1600	1400	-200
1245 Sund		1600	1500	-100
1246 Fjell		1700	1600	-100
1247 Askøy		1900	1800	-100
1251 Vaksdal		900	900	0
1252 Modalen		0	0	0
1253 Osterøy		4200	4000	-200
1256 Meland		3900	3800	-100
1259 Øygarden		0	0	0
1260 Radøy		3600	3500	-100
1263 Lindås		0	0	0
1264 Austrheim		2000	2000	0
1265 Fedje		1400	1200	-200
1266 Masfjorden		0	0	0
fordeling i året		31000	27600	-3400
DELSUM		122500	115600	-6900